



## Anmeldelser

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes [tidsskriftet@legeforeningen.no](mailto:tidsskriftet@legeforeningen.no)

### Wilhelmsen anbefaler

Wilhelmsen I.

#### Kongen anbefaler

Holdninger for folket. 106 s, ill. Stavanger: Hertervig forlag, 2006. Pris NOK 229  
ISBN 82-92023-71-2



Dette er ei bok for deg, som del av det norske folkefelleskapet. Det er ikkje primært ei fagbok, det er ei blanding av helseopplysing og oppbyggjande litteratur med fire millionar potensielle lesearar. Ho er lesarvennleg, med enkle overskrifter, illustrerande strekteikningar og ein folkeleg og uhøgtideleg skrivestil. Det er ei kort og ufullstendig referanseliste, ikkje stikkordregister.

Ingvar Wilhelmsen er indremedisinar og psykiatar i Bergen. Han er kjent for sine skrifter om kognitiv terapi og for drifta av hypokonderpoliklinikken. Dette er også ei bok om kognitiv terapi. Ho er bygd opp med eit forord og ei innleiing før bokas hovuddel, som er ein presentasjon av haldninga og standpunkt hjå kong Harald, sett i lys av kognitiv tenking. Siste del er Wilhelmsens eigne refleksjonar om nøkkelen til det gode liv.

Dette er eit pedagogisk glansnummer. Wilhelmsen stiller seg bak kongens breie rygg for å illustrere kor framifrå kognitiv terapi er. Dette er eit gammalt retorisk knep. I vår kultur er det vanlegare å stille seg bak kongenes konge, han som levde for 2000 år sidan, når ein skal forkynde. Parallelen er openberr. Ein som aldri har synda, skal lære oss å halde vår sti rein. Ein som har røykt 45 sigarettar per dag det meste av sitt vaksne liv og truleg aldri gått i kognitiv terapi, blir brukt som sanningsvitne for ei sunn livshaldning og kognitiv terapi. Både skriveform og biletbruk gir hyppige assosiasjonar til Bibelen. Og forordet i Wilhelmsens bok kunne med små endringar stått som forord til Det nye testamentet.

I si lovprising av kongen balanserer forfattaren på grensa til det ironiske. Dersom han hadde valgt ein annan «helt», til dømes Carl I. Hagen, ville halve Noreg nikka anerkjennande mens resten ville ledd seg

skakke. Wilhelmsen er ein retorikkens meister. Styrken i retorikken hans er at han byr på seg sjølv. Han er ikkje redd for å vere naiv eller panegyrisk, flåsete eller personleg. Han har sans for den gode historia som pasientane har fortalt. Han avslører god sans for humor utan å verke nedlatande andsynes pasientane.

Ein kunne sjølv sagt plukke på og kritisere mange ting i boka. Ikkje alle utgreiingane om kor fortrefteleg kongen er er like vesentlege. Og det vekkjer ikkje den store interessa at stortingspresidenten fann det på sin plass å helse kongen velkommen tilbake etter sjukefråveret i 2005. Eg ville ha stryke litt her og der for å gjøre boka meir poengert.

Opp tittelen er feil. Boka burde ha heitt «hør på kongen». For det er ikkje kongen «som anbefaler». Det er det Wilhelmsen som gjer. Boka er eit godt forsøk på å gjøre kognitiv terapi til statsreligion, bygd på snusfornuftens heilage grunn.

John Nessa anbefaler.

**John Nessa**

Institutt samfunnsmedisinske fag  
Universitetet i Bergen

### God norsk lærebok med lang tradisjon

Stokke O, Hagve T-A, red.

#### Klinisk biokjemi og fysiologi

403 s, tab, ill. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2006. Pris NOK 425  
ISBN 82-05-35176-7



Denne læreboken har sitt utspring i fagmiljøet ved Rikshospitalet, hvor den første gang ble utgitt i 1972. Målgruppen er medisinstudenter, leger og annet helsepersoneell. I 31 kapitler dekkes tradisjonelle kliniske biokjemiske emner, biokjemisk endokrinologi og organsystemenes kliniske fysiologi.

Biokjemisk allergidiagnostikk, toksikologi, legemiddelanalyser og spormettaller er ikke omtalt.

Kapitlene er inndelt i korte avsnitt med egne stikkord. Det letter tilgangen til et

breddt anlagt lærestoff som spenner fra beskrivelse av molekyler til behandlingsstrategier. Et stort antall kasuistikk vinkler stoffet mot problembasert lærings. Boken er rikt illustrert med figurer i farger og tabeller. Innbinding, papir og layout er førsteklasses.

Klinisk biokjemi og fysiologi er et fagområde som populært sagt har ett bein i basalfagene og ett i klinikken. En lærebok må derfor bedømmes ut fra i hvilken grad den makter å forene kunnskap fra vidt forskjellige vitenskaper slik at fagområdet avgrenses og kan stå på egne ben. Fagets identitet er først og fremst knyttet til beskrivelse av sykdomsmekanismer og diagnostikk. Redaktørene, sammen med 26 andre forfattere, har løst oppgaven på en tilfredsstillende måte og – ikke minst viktig – innen en overkommelig ramme. Styrken er at man her har klart å kombinere to beslektede fag som vanligvis har sine egne, separate lærebøker, og at basalfaglig kunnskap er tilpasset en klinisk innfallsinkel. Dette merkes bl.a. i kapitteloverskrifter som *Diabetes mellitus*, *Hemokromatose*, *Porfyri* og *Hypertension*. Tematisk bredde og mange forfattere har gjort at den kan virke noe ujevn i oppbygging, detaljnivå og språk. I noen kapitler er det en inngående beskrivelse av molekylære mekanismer, mens man i andre i større grad tar utgangspunkt i kliniske symptomer. Enkelte kapitler utmerker seg positivt ved en knapp, men likevel tilfredsstillende beskrivelse av kompliserte sammenhenger mellom molekyler og kliniske manifestasjoner. Uavhengig av hvordan stoffet gripes an, er det et gjennomgående trekk at grunnleggende biokjemiske og fysiologiske mekanismer integreres og rettes mot praktiske diagnostiske formål. Et viktig poeng er at boken reflekterer norsk fagtradisjon på et medisinsk område som daglig berører alle leger som arbeider i klinisk praksis.

Noen mindre feil og unøyaktigheter i omtalen av enkel analyser burde vært unngått. For noen analyser, som f.eks. laktatdehydrogenaseisoenzymet, Schillings test og enkelte andre, burde det vært tydeligere påpekt at de ikke lenger spiller noen stor rolle i moderne biokjemisk diagnostikk.

Det mangler litteraturhenvisninger. Henvisning til et representativt utvalg oversiktsartikler ville ha vært en fordel.

Disse innvendingene til tross – *Klinisk biokjemi og fysiologi* er av en kvalitet som